



VELKOMMEN TIL BERGSLIA BARNEHAGE

Lisjebøvegen 37
6090 Fosnavåg.

Tlf: 70084636 / 48894143

INFORMASJONSHEFTE A TIL Å

Dette er eit informasjonshefte til dykk som er ny i barnehagen.
Her finn de praktiske opplysninger og informasjon.
Heftet rommer ein del men ikkje alt. Så spør om de lurar på noko.



INFORMASJON FRÅ A TIL Å.

Barnehageåret : startar 2 veka i august.

Bading: Førskulegruppa delteke kvar haust og vår på symjeopplæring saman med andre barnehagar. Dette er ein time i vatnet der halve tida er opplæring og halve tida leik. Dette er annakvar onsdag.

Betaling: de får tilsendt faktura den 1 i kvar månad med 14 dagars betalingsfrist. Uteblir betalinga, vil de få brev frå økonomiavdelinga om utestenging frå barnehagen inntil faktura er betalt. De betaler for 11 mnd.

Bleier: Barn som bruker bleier tek dette med. For oss er det best å ha ein heil pakke ståande –(ikkje truse bleie) og så gir vi beskjed når det er tomt.

Bursdagsfeiring :Den dagen lagar vi til ekstra stas på barnet- han/ho får velje innhald på samlinga. Det er pynta til langbord med bursdagduk og matrett valt av bursdagsbarnet. Bursdagskrone som barnet har bestemt motiv på og tegneaktivitetar frå dei andre høyrer også med. Vi avsluttar med «luftetur» etter alder og «bursdagsraketter» med lyd etter antal år. Ein dag med bursdagsbarnet i sentrum.

Dagen i dag: På oppslagstavla skriv vi kort kva vi har gjort på i dag.

Dugnad: Kvar vår kallar vi inn til dugnad nokre dagar. Vi set stor pris på at foreldre stiller opp og gjer ein innsats for fellesskapet.

Ferie: Alle barn har rett på minst 3 veker samanhengande sommarferie. Styrar sender ut spørsmål om ferie i mars månad. Det vert bestemt før 1 mai kvart år ein personal plan og oversikt over ferie . Sjå ellers på vedtekter.

Forsikring: Det er teikna ulykkesforsikring på barna den tida dei er i barnehagen.

Facebookside: Bergslia barnehage har ei hemmelig lukka gruppe for foreldre og personale der vi dokumenter aktivitetar med barna og sender ut informasjon.

Foreldremøte:Barnehagen inviterer til foreldremøte kvar haust og event. eit på våren.

Foreldreråd: Det er alle foreldra i barnehagen som kan kalle inn til eigne møter. Rådet har høve til å uttale seg i saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen.

Foreldresamtale: Alle foreldre skal få tilbud om foreldresamtaler inntil 2 gongar pr. år. Dette er ei individuell samtale der foreldra og pedagogisk leiar snakka saman om

barnet sin trivsel og utvikling.

Fråvær: Dersom barnet ditt er sjuk eller skal ha fridag vil vi gjerne ha beskjed om det så tidleg som mulig.

Henting: Dersom barnet ditt vert henta av andre enn foreldra og dei som står på bli kjend skjemaet må vi få beskjed om det.

Juleferie: I følge vedtektene så er barnehagen stengd på julaftan og i romjula.

Kjøpedag: Dersom barnet ditt ikkje har full plass og du av ulik årsak treng ein ekstra dag, kan du ta kontakt med personalet og spørje om vi har ein ledig plass. Dersom vi veit at vi ikkje har full gruppe den dagen, kan du få kjøpe ein dag som kostar kr 200,-.

Klesskift: Barna treng godt med klesskift her i barnehagen. Sjekk korgene ofte.

Leike: Vi har eit bra utval av leiker her i barnehagen, så barna treng ikkje ta med leiker heimanfrå. Barnehagen har ikkje økonomisk ansvar for private leiker/cd-ar eller lignande som barna tek med seg. Spesielle kosedyr er sjølv sagt lov for dei som treng det i kvilestunda.

Medisin: I dei fleste tilfella er det foreldra som gir medisin. Om vi skal ordne det i barnehagen så er det viktig at medisinen vert gitt til eit personale, for den skal ikkje ligge i sekken til barna. Vi har faste prosedyre for medisinerings som foreldre skal signere på.

Merking av klede: Vi ber om at dere foreldre merkar alt tøy som barna har med i barnehagen. Det er ikkje lett å halde oversikt over alle klede, og det er trist når det er plagg vi ikkje finn att. Skjema for bestilling av merkeband kan de få i barnehagen (lime merker) men det fungerer fint med sprit tusj også.

Morgonsamling: Vi samlast på Hakkebakken kvar dag til morgonsamling kl 9.30. Det er opprop, plan for dagen og utdeling av litt grønnsaker eller frukt.

Månadsplan: Det vert siste dagane av kvar månad delt ut skrifteleg plan for komande månad. Der står da aktiviteter for barna og informasjon til foreldra.

Måltid: Vi har frukost frå kl 7.45 til 8.30 kvar dag, hovudmåltid frå 11.30/45 og eit frukt/yoghurt måltid ca 14.30. Dei får også kavring/knekkebrød ca kl 16.00. Kvar avdeling lagar varm mat eller bakar minst ein gong pr. Veke. Kost pengar er kl 350,- for full plass og kjem på fakturaen.

Opningstid: Barnehagen er open kvar dag frå kl 6.45 – 17.00 (eller etter behov.)

Porten: Det er viktig for sikkerheita til barna at portane til ei kvar tid er i lås. Det er fort gjort at nokon spring ut i eit trafikk farleg område. Alle barna skal vente på

innsida av porten til foreldra kjem.

Overtid: Dersom barna verte henta etter stengetid må de betale ekstra for det. Overtid kostar kr 200,- og summen kjem på neste månadsbetaling.

Planleggingsdagar: Barnehagen har 5 lovfesta planleggingsdagar i året. Desse får de vite i god tid i forveien.

PPT: Barnehagen har tett kontakt med PPT og vi har faste trefftider her i barnehagen. Personalet og foreldre har høve til å be om råd. Barnehagen kan ikkje be om råd til ditt namngitte barn utan løyve frå deg.

Påskeferie: Barnehagen er stengd onsdagen før skjærtorsdag. Så spør styrar om kva behovet er for mandagen og tysdagen forut- dette for at personalet skal avspassere.

Redusert foreldrebetaling: I følge foreskrift skal ingen betale meir enn 6 % av den samla inntekta i familien. Søknad om redusert foreldrebetaling finn de på www.heroy.kommune.no

Rosa russ: Førskulebarna har siste barnehageåret eige opplegg med førskulegruppe og oppgåver. Siste månadane har dei mykje opplegg rundt det å være rosaruss som gjer at det verte ei kjekke spennande avslutning på barnehagetida.

Rydding: Vi vil at barna skal lære å rydde etter seg. Fint om de hjelper oss med det ved henting.

Soving: Barn som treng å sove i barnehagen kan få velge om dei vil sove i vogne eller seng. Dei fleste søv i vogner på baksida av barnehagen.

Tilvenning: Varigheita av tilvenningsperioda er ulik frå barn til barn. De startar med kortare besøk og så verte opphaldstida utvida etterkvart som barnet tilpassar seg og verte tryggare. Personale held ekstra tett kontakt med foreldra i denne perioden.

Taushetsplikt: Personalet i barnehagen er underlagt taushetsplikt. Alle tilsette skriv under på ærklæring om taushetsplikt . Det vil seie at personalet er forplikta til å tie om opplysningar som vi får om barnet og den si familie.

Tverrfageleg team: Barnehagen har sitt eige tverrfagelege team som styrar kallar inn til 2 gng pr år. I dette teamet er helsesøster, barnevernet og PPT fast med. Foreldre kan få møte i teamet, og ped.leiar kan få møte.

Utstyr som barna treng: Barna treng kle og sko etter kva ver vi har. I yttergarderoben kan de henge både regnekle og dressar, og på garderobeplassen kan de legge klesskift. Våtekle må de ta med heim. Innesko/ tøfler er kjekt å ha.

